



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# Næringsarbeid

Forvaltningsrevisjon | Vinje kommune

## Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1.    Kontrollutvalet si bestilling .....	5
1.2.    Problemstilling og revisjonskriterium.....	5
1.3.    Avgrensing.....	5
1.4.    Metode og kvalitetssikring .....	5
1.5.    Rådmannen si fråsegn .....	6
<b>2. Om kommunen.....</b>	<b>7</b>
<b>3. Oppfølging næringsplan .....</b>	<b>9</b>
3.1.    Revisjonskriterium .....	9
3.2.    Oppfølging næringsplan – data .....	9
3.3.    Revisor si vurdering av oppfølging av næringsplan .....	15
<b>4. Sakshandsaming .....</b>	<b>17</b>
4.1.    Revisjonskriterium .....	17
4.2.    Sakshandsaming - data .....	21
4.3.    Revisor sin vurdering av sakshandsaming .....	26
<b>5. Konklusjonar og tilrådingar .....</b>	<b>28</b>
5.1.    Konklusjonar.....	28
5.2.    Tilrådingar .....	29
<b>Litteratur og kjeldereferansar .....</b>	<b>30</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>31</b>
Vedlegg 1: Rådmannen si fråsegn.....	31
Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring .....	32
Vedlegg 3: Tiltak i næringsplan 2017-2021 .....	34

## Samandrag

I denne forvaltningsrevisjonen har vi sett på delar av næringsarbeidet i Vinje kommune.

Vi har undersøkt i kva grad kommunen har følgd opp gjeldande næringsplan (for perioden 2017-2021).

Vidare har vi undersøkt om sakshandsaming av tilskot til næringsutvikling frå kommunen sitt næringsfond skjer i tråd med kommunen sine retningslinjer og gjeldande regelverk.

### Næringsplan for 2017-2021

Undersøkingane våre viser at kommunen ikkje har følgd opp næringsplanen som føresett.

Det er ikkje årleg vurdert om mål for sysselsettings- og omsetningsvekst er nådd. Det er heller ikkje årleg vurdert om tiltaka i næringsplanen er gjennomført, og heller ikkje om det er behov for å innarbeide nye tiltak.

Kommunen har no starta arbeidet med ei hovudrullering av næringsplanen. Dette er eitt år seinare enn planlagt. Koronapandemien har vore ei medverkande årsak til forseinkinga.

Stikkprøver av 12 tiltak i næringsplanen, viser at to tiltak er gjennomført, to tiltak er under planlegging og fire tiltak er ikkje gjennomført. Dei siste fire tiltaka er meir eller mindre kontinuerlege arbeidsoppgåver som kommunen driv med.

Vår undersøking viser at næringslaga i kommunen har opplevd planprosess og oppfølging av næringsplanen svært ulikt. Kommunen bør vurdere innspela i samband med arbeidet med ny næringsplan.

### Sakshandsaming av tilskott frå næringsfondet

Våre undersøkingar viser at kommunen ikkje alltid følgjer eigne retningslinjer eller gjeldande regelverk ved tildeling av tilskot.

I alle søknadene vi undersøkte var det gjort greie for innhaldet i tiltaket, det var vist til marknadsanalyse/forretningsplan, og dessutan låg det også føre budsjett for tiltaka.

Innhaldet i søknadene er gjort greie for i saksframlegga, og søknadene ligg som vedlegg til sakene slik at formannskap/kommunestyre også sjølv kan orientere seg nærmare i innhaldet. Etter vår vurdering bør ein i saksframlegga i større grad systematisk vurdere om søknaden er i tråd med kriterierna i retningslinjene.

I dei saker der administrasjonen gjer framlegg om vedtak som avviker frå retningslinjene, bør grunngjevinga for dette gå fram av saksframlegget.

Kommunen sikrar ikkje at det ligg føre naudsynt dokumentasjon på at tiltak er gjennomført før tilskot blir utbetalt.

Svar på søknad om næringstilskot er enkeltvedtak. Det inneber mellom anna at det er krav om grunngjeving og informasjon om klagerett. Dette manglar i kommunen sine vedtak/svarbrev til søkerane.

Habilitet blir vurdert, men vurderingar og konklusjonar blir ikkje dokumentert.

I sakene vi har undersøkt ligg kommunen sine tilskotsbeløp godt innafor beløpsgrensa for bagatellmessig støtte. I retningslinene for tilskott blir det gitt informasjon om krav i EØS-regelverket, men kommunen sørger ikkje for å innhente skriftleg erklæring på at tilskotsmottakar ikkje har fått anna offentleg støtte. Vi meiner difor kommunen ikkje følgjer prosesskrava i regelverket fullt ut.

### **Andre forhold**

Når det gjeld dei faste årlege tilskota til dei tre næringslaga i kommunen får vi opplyst at det ikkje er gjort ei vurdering av grunnlaget for å gi slik støtte i høve til EØS-regelverket.

Kommunen bør etter vår vurdering klårgjere grunnlaget for slik støtte.

### **Tilrådingar**

Vi rår kommunen til

- å tildele og utbetale tilskot i samsvar med egne retningslinjer
- å sørge for at svar på søknader om tilskot oppfyller krava til enkeltvedtak
- å vurdere tiltak for å dokumentere habilitet
- å følge regelverket for bagatellmessig støtte

# 1. Innleiing

## 1.1. Kontrollutvalet si bestilling

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Vinje kommune i sak 1/22. Bakgrunnen for bestillinga er kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon.

Reglane om forvaltningsrevisjon står i kommunelova § 23-2, første ledd bokstav c, jf. § 23-3 og § 24-2 og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

## 1.2. Problemstilling og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstillingar:

- **Blir næringsplanen følgt opp som føresettt?**
- **Skjer sakshandsaming av midlar til næringsutvikling i tråd med kommunen sine retningsliner og gjeldande regelverk?**

Revisjonskriteria<sup>1</sup> i denne forvaltningsrevisjonen er henta frå kommunen sin eiga næringsplan for perioden 2017-2021, retningsliner for tildelinga av midlar frå næringsfondet, kommunelova, forvaltningslova og dessutan reglane om offentleg støtte. Kriteria går fram under kvar problemstilling nedanfor.

## 1.3. Avgrensing

Vi har i denne revisjonen undersøkt tilskotsordninga som gjeld tilskott til enkeltprosjekt, tiltak og bedrifter frå kommunen sitt næringsfond.

Handsaming av tilskot til landbruket, næringslaga, straumstøtte og tilskot i samband med Korona-pandemien er ikkje undersøkt.

## 1.4. Metode og kvalitetssikring

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung, med Anne Hagen Stridsklev som oppdragsansvarleg.

Vi har henta informasjon frå tilsette i kommunen, og vi har også innhenta informasjon frå næringslaga i kommunen. Vidare har vi henta informasjon frå næringsplan for perioden 2017-2021, politiske saker, årsmeldingar, reglement og rutinar m.m.

---

<sup>1</sup> Det skal alltid vere revisjonskriterium i forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 15 og RSK 001. Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld på det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for revisor sine analysar, vurderingar og konklusjonar.

Det står meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 2 til rapporten.

### **1.5. Rådmannen si fråsegn**

Rapporten er presentert i eit møte med administrasjonen i kommunen og sendt til uttale 10. februar 2023, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Fråsegna frå rådmannen har ikkje ført til endring i rapporten. Kommunedirektøren si fråsegn ligg i vedlegg 1.

## 2. Om kommunen

Vinje kommune har slik overordna administrativ organisering:



Næringsarbeidet og landbruk og viltforvaltning ligg under kommunalområdet kultur, næring og fritid. Kommunalsjefen er næringssjef.

På avdelinga som har ansvar for næringsarbeid er det forutan næringssjef, fire rådgivarar (landbruk, skogbruk, motorferdsel og reiseliv) og ein stipendiat/prosjektleder.<sup>2</sup>

Formannskapet er næringsutval.

På kommunen sine heimesider ligg det informasjon om kommunale støtte- og tilskotsordningar for næringslivet. Der ligg også informasjon om nokre av dei viktigaste regionale og statlege ordningane.

Ordningar for kommunale tilskot som har vore fast over lengre tid er:

- Tilskot frå kommunalt næringsfond
- Faste tilskot til reiselivs- og næringsutvikling

I tillegg har det i samband med høge strømprisar frå 2022 blitt oppretta ordning med kommunal straumstøtte for næringslivet, og eit fond for energjøkonomisering som private verksemder kan søke om støtte frå.

---


<sup>2</sup> Vinje kommunen deltek i Interreg-prosjektet COM3. Sjå: [COM3 - VINJE KOMMUNE](#)

Næringslivets hovedorganisasjon (NHO) rangerer hvert år kommunene i Norge etter attraktivitet og lokal vekstkraft tufta på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi.<sup>3</sup>

I rapporten som blei lagt fram i 2022<sup>4</sup> kjem det fram at Vinje kommune er rangert som nr. 7 av kommunane i Vestfold og Telemark, og nr. 97 av alle kommunane i landet:

RANGERING I FYLKET		RANGERING I LANDET
1	Tønsberg	30
2	Porsgrunn	41
3	Sandefjord	45
4	Holmestrand	57
5	Horten	62
6	Skien	95
7	<b>Vinje</b>	<b>97</b>

Det blir gitt slik biletleg framstilling av stoda i kommunane i Vestfold og Telemark fylke:



<sup>3</sup> [www.nho.no/tema/offentlig-sektor-og-naeringslivet/kommune-nm/](http://www.nho.no/tema/offentlig-sektor-og-naeringslivet/kommune-nm/)

<sup>4</sup> Talgrunnlaget er frå 2021



## 3. Oppfølging næringsplan

**Blir næringsplanen fulgt opp som føresett?**

### 3.1. Revisjonskriterium

Vinje kommune har næringsplan for perioden 2017-2021, vedteke av kommunestyret 6. april 2017. Under kapitelet *plangjennomgang* finn vi følgjande

*Næringsplanen omfattar tiltak som skal ha verknad mange år framover, men tidshorizonten for gjennomføring av dei enkelte tiltaka må nødvendigvis variere. Det vil vera alt frå under eitt år til 20 – 30 år. E134 er døme på tiltak med eit langt tidsperspektiv.*

*Planrulleringa er tenkt slik:*

- *Årleg gjennomgang av måloppnåing for sysselsetjings- og omsetjingvekst.*
- *Årleg gjennomgang av måltala for landbruket.*
- *Årleg utsjekking av gjennomførte tiltak.*
- *Årleg innsetjing av nye tiltak.*
- *Full planrullering kvart femte år*

I dette kapitelet nyttar vi kommunen sine ambisjonar om plangjennomgangen som revisjonskriterier:

**Kommune skal følge opp næringsplanen for perioden 2017-2021 på slik måte:**

- **Årleg gjennomgang av måloppnåing for sysselsetjings- og omsetjingvekst.**
- **Årleg gjennomgang av måltala for landbruket.**
- **Årleg utsjekking av gjennomførte tiltak.**
- **Årleg innsetjing av nye tiltak.**
- **Full planrullering kvart femte år**
- **Vedtekne tiltak må gjennomførast**

### 3.2. Oppfølging næringsplan – data

#### 3.2.1. Årleg oppfølging

Dei fire fyrste punkta i kapittel fire i plandokumentet gjeld kva for oppfølging som skal skje årleg. Vi har spurt kommunen om dokumentasjon som viser korleis dei fire punkta for årleg planrullering er

følgt opp i åra etter at planen blei vedteke. Nærings sjefen seier at bortsett frå det ein finn i kommunen sine årsmeldingar, er ikkje næringsplanen rullert.

Frå tidlegare næringsrådgivar i kommunen, har vi fått opplyst at det i etterkant av arbeidet med næringsplanen blei halde faste møte mellom kommunen og næringslaga. Når det gjeld gjennomgang av måltal seier ho at det var ein plan for dette, og at det også blei gjort nokre oppdateringar då ho arbeidde i kommunen. Ho er usikker på om sjølve planen blei oppdatert av di det allereie var snakk om at dei ville revidera heile planen. Ho seier vidare at nokre av tiltaka innan landbruket er dei same som ligg i landbruksplanen, slik at oppfølging og gjennomgang av disse mest sannsynleg er gjort i samband med landbruksplanen.

Vi har sett på årsmeldingane for åra 2018-2021. I årsmeldingane for åra 2018 og 2019 finn vi inga gjennomgang av måltal for sysselsetting eller omsetningsvekst. I årsmeldingane er det i stikkords form gjort greie for ein skilde tiltak/prosjekt som det har vore arbeidd med eller som blei gjennomført i det aktuelle året. I årsmeldinga for 2018 finn vi dette:

Figur 1 Utklipp frå Årsmelding for Vinje kommune 2018

I 2018 er det gjort mykje innan reiselivet, men som også gagnar fastbuande. Me vil trekke fram følgjande:

- Ombytte av hytter er i slutfasen
- Avtale med Rauland Turist om levering av reiselivstenester.
- Utbetring av løypenett i Rauland
- Arbeid med spelemiddelsøknad til omlegging av løypenett i Vågsliid
- Initiativtakar til å få på plass Haukeli Turist
- Dialogmøter med utbyggerar i Vågsliid
- Bidrag inn i kommunedelplan Rukkemo – Torvetjønn
- Bidrag inn i kommunedelplan knytt til stiar og løyper.
- Utbetring av Vasseventyret
- Oppfølging Falkeriset

Og for 2019 dette:

Figur 2 Utklipp frå årsmelding for Vinje kommune 2019

#### Reiseliv og turisme

Reiseliv og turisme står øvst i næringsplanen, og det er her ein ser for seg ei satsing.

I 2019 har ein bl.a.

- Fylgt opp tidlegare satsing som Vasseventyret, Falkeriset, ulike løyper og stiar m.m.
- Evaluera avtala med Rauland Turist, isolera og saman med dei andre turistkontora.
- Bidrege i arbeidet med KDP'ar for Rauland og Haukeli/Edland.
- Slutført forhandlingar rundt sal og tilbakeleige.
- Halde fram med og slutført løype/sti-prosjekta, samt kvilekrokar osb.

Frå og med 2020 har årsmeldingane vore elektroniske. Heller ikkje i desse årsmeldingane er det gjort greie for måloppnåing i høve til næringsplanen sine mål om vekst i sysselsetting og omsetjing. Som for dei tidlegare årsmeldingane finn vi oppstilling av ei rekkje tiltak/oppgåver som det har vore arbeidd med. Oppstillinga seier i nokre tilfelle berre at det har vore arbeidd med eit tema, i andre tilfelle er det vist til konkrete resultat. Dei er ikkje systematisk knytt opp mot tiltak i næringsplanen.

### 3.2.2. Full planrullering kvart femte år

Det femte punktet om oppfølging i gjeldande næringsplan, var at det skulle gjennomførast ei full planrullering etter fem år.

Då gjeldande næringsplan skulle rullerast, vart det i kommunestyresaka *Rullering av næringsplanen – mandat (23/2015)* bestemt på kva måte arbeidet skulle organiserast og dessutan sett mandat for planarbeidet. Næringsplanen fekk ikkje status som kommunedelplan, men prosessen blei gjennomført med styringsgruppe, referansegruppe, høyring og endeleg vedtak av næringsplanen i kommunestyret i mars 2017.

I kommunen sin planstrategi for perioden 2020-2023, ligg rullering av næringsplanen inne med oppstart av planarbeidet i 2021. Arbeidet med rullering av næringsplanen starta i mai 2022. Næringssejefen seier den viktigaste grunnen til forseinkinga er koronapandemien.

Vi får opplyst at det tidleg i prosessen, blei bestemt at det ikkje var påkravd med ein full planprosess slik det er for ein del andre planar. Avklaringa rundt kva for prosess ein skulle ha, blei i hovudsak gjort i følgjande møte:

- Møte 20. mai 2022 mellom næringssejef, rådmann, kultursejef og plankoordinator.
- Møte 8. september 2022 mellom næringssejef, økonomissejef og plankoordinator.
- Orientering frå næringssejef og plankoordinator i leiargruppemøte 12. september 2022.
- Orientering frå næringssejef og plankoordinator i formannskapet 6. oktober 2022.

På eit internt avdelingsmøte i næringsavdelinga 18. oktober 2022 blei det drøfta om ein burde lage ein felles plan for kultur, næring og fritid.

For å forankre planarbeidet politisk, blei det lagt fram ein sak i formannskapet 2. februar 2023 (sak 5/23). Her blei det gjort greie for administrasjonen sine tankar om arbeidet.

- Felles plan for kultur, næring og fritid.
- Planen skal vere ein sektorplan med tilhøyrande temaplanar.
- Planen skal vere dynamisk og bli oppdatert minst éin gong i året som ein del av kommunen si verksemds- og økonomistyring.
- Planen skal vere i digitalt format og vere forma som ei nettside.
- Den årlege rutinen skal inkludere politisk forankring og involvering av nærings- og organisasjonslivet i kommunen

I saksframlegget er det ikkje vist til korleis planarbeidet skal organiserast eller når det er forventa å vere ferdig.

Framlegg til vedtak i saka (5/23) var som følgjer:

*Vinje kommune vedtek:*

- *at overordna sektorplan for kultur, næring og fritid, med tilhøyrande temaplanar, erstattar tidlegare næringsplan og kommunedelplan for kultur og fritid.*
- *at plan for kultur, næring og fritid skal vere dynamisk og bli oppdatert årleg som ein del av kommunen si verksemds- og økonomistyring. Den årlege oppdateringa skal inkludere politisk forankring og involvering av nærings-, kultur- og organisasjonslivet i kommunen.*
- *at plan for kultur, næring og fritid skal vere i digitalt format og vere forma som ei nettside.*

I formannskapet 2. februar 2023 blei det etter framlegg frå ordførar, vedteke at saka skulle utsettast og sendast tilbake til administrasjonen for vidare arbeid.

### **3.2.3. Gjennomførte tiltak**

I dette kapitelet har vi plukka ut nokre av tiltaka i næringsplanen for å undersøke i kva grad dei er gjennomførte som planlagd. Tiltaka vi har plukka ut er tiltak der kommunen har hovudansvar og/eller er sterkt delaktig i gjennomføringa. Vi har bedt kommunen kommentere på i kva grad tiltaka er gjennomførte. Heile oversikten ligg som vedlegg 3 til rapporten.

- Tilskotsordning for løypekøyning er gjennomført
- Tre av prosjekta gjeld tur og sykkelvegar. Sykkeltrase i Haukeliområdet er framleis på planleggingsstadiet. Arbeid med toppturar er ikkje kome langt, medan det i det siste prosjektet er etablert miniguider og «Vandrar velkomen bedrifter».
- Eit tiltak gjeld «vasspegelen i Møsvatn». Her er det arbeid i gang for å lage plan for utbygging av Varlandstangen. Tiltaket er på planleggingsstadiet.
- Om prosjektet som gjeld nasjonal turistveg på strekninga Notodden-Rjukan-Møsvatn-Rauland til Haukeli, skriv kommunen at det er kontroversielt i høve til ferdselsplan, og at dette ikkje er gjennomført
- Eitt tiltak gjaldt fagansvarleg for sentrumsområdet, turvegar, idrett og friluftsliv. Kommunen har hatt eit utmarksoppsyn i tre år, som varetok ein del av dette ansvaret. Dette prosjektet er gjennomført.

Fleire av tiltaka har lang tidshorison og/eller er meir eller mindre kontinuerlege arbeidsoppgåver som kommunen driv med. Dette gjeld til dømes:

- Arealplanlegging
- Sørge for nok næringsstomter, næringshagar, tomter
- Rådgiving til næringsaktørar
- Arbeide for oppgradering av E134

#### 3.2.4. Kva meiner næringsaktørane om oppfølginga

I samband med forvaltningsrevisjonen har vi sendt ein e-post til dei tre næringslaga<sup>5</sup> i kommunen med spørsmål om arbeidet med, og oppfølginga av gjeldande næringsplan.

#### Rauland Turist AS

Frå representanten frå Rauland Turist AS får vi opplyst at næringslaget har hatt svært god kontakt med kommunen i samband med arbeidet med næringsplanen for 2017-2021.

Vinje kommune var representert i styret til næringslaget i den perioden arbeidet med næringsplanen gjekk føre seg. Vedkommande styrerepresentant frå kommunen var også innleigd i kommunen for å føre næringsplanen i pennen. Representanten for næringslaget seier vidare at Rauland Turist gjennom diskusjonar og innspel i styremøta til næringslaget, hadde god påverknad på innhaldet i planen.

Næringslaget hadde også elles god kontakt med det politiske miljøet i kommunen, ved at den kommunale representanten hadde ei orientering om verksemda i formannskapet/kommunestyret.

På spørsmål om han meiner tiltaka i planen er gjennomført som føreset, seier han at dei aller fleste tiltaka er gjennomførte. Han peiker likevel på eitt område han meiner tiltaka ikkje er gjennomførde som føreset. Dette gjeld sykkelsatsinga.

Alt i alt, meiner han at næringsplanen har vore eit nyttig verktøy for næringsaktørane i kommunen

#### Vinje Næringslag

I e-post frå leiar i Vinje Næringslag får vi slikt svar:

*Sidan eg ikkje har vore aktiv i næringslaget så lenge har eg kontakta tidlegare leiar og aktive medlemmar. Tydlege signal om at Vinje Næringslag vart lite inkludert i utforminga av næringsplanen og då den vart presentert var den så lite relevant for våre næringar at me hadde eigentleg ynskje om å starte på nytt med blanke ark. Næringslaget har ikkje bruka planen aktivt i sitt arbeid, har heller ikkje følt at kommunen har bruka denne aktivt inn mot oss heller.*

---

<sup>5</sup>Haukeli Næringslag, Rauland Turist AS og Vinje næringslag

I skrivet som låg ved e-posten var det svara på våre spørsmål om korleis næringslaget hadde oppfatta planprosessen og bruken av planen.

**Kva for rolle hadde næringslaget ditt i arbeidet med næringsplanen for 2017-2021?**

- Lite inkluderande i prosessen, fekk den til gjennomlesing og høve til å kommentere ved ferdigstilling. Vinje Næringslag følte næringsplanen var svært lite relevant for tenesteytande næringar og industri.
- Me har i liten grad vore involvert i arbeidet med næringsplanen for 2017-2021.
- Syntes prosessen i liten grad var bra

**Kjenner de til om punkta for årleg gjennomgang er følgt opp i kommunen?**

- Har ikkje hatt noko forhold til planen etter den vart utarbeid.

**På kva måte har næringslaget ditt vore involvert i gjennomføringa av tiltak i etterkant av planarbeidet?**

- Ingen

**I kva grad meiner de tiltaka i planen har vorte gjennomført som føresett**

**Tiltak kommunen hadde ansvaret for?**

- Ingen me har kjennskap til eller blitt informert om.

**Tiltak andre aktørar hadde ansvaret for?**

- Har ikkje kjennskap til dette.

**I kva grad meiner næringslaget ditt at planen har vore eit nyttig verktøy?**

- I liten grad, eller ingen grad vore nyttig. Lite konkret og målbart og ganske lite relevant i forhold til næringane næringslaget representerer.

**Andre synspunkt på planarbeidet og gjennomføring av tiltak?**

- Lite inkluderande prosess som medfører lite eigarskap til planen.
- Om tiltak har blitt iverksett er det ikkje kommunisert ut til Næringslaget.
- Mykje jordbruk knyta til planen. Lite relevant for handel og industri.

**Haukeli Næringslag**

Noverande leiar for næringslaget var ikkje med i planarbeidet, og har difor søkt informasjon frå to tidlegare styremedlemmar i næringslaget. Ho refererer følgjande stikkord frå telefonsamtale med ein av desse:

- *Næringslaget var involvert i møter og planarbeid på denne tida, men planane som blei foreslått og planane som blei gjennomført i praksis hang ikkje saman.*
- *Ville ha årleg gjennomgang av lokale forslag/ynskje som var spela inn på møta, men det skjedde ikkje.*
- *Næringslaget forsøkte å engasjere seg, men fekk ikkje gehør. Følte at ein måtte vere mykje i gangane på kommunehuset for at ein skulle ha ei stemme som nådde opp.*

- *Kommunen var defensiv i arbeidet for å tilrettelegge for nye næringer*

Den andre personen ho kontakta hadde fylt ut vårt spørreskjema, og gav desse svara:

**Kva for rolle hadde næringslaget ditt i arbeidet med næringsplanen for 2017-2021?**

- Var på møte og gav innspel

**I kva grad synest de prosessen var bra?**

- Svært lite lyttande og imøtekomande. Kjenner ikkje til noko av oppfylginga nemnd under.

**Kjenner de til om punkta for årleg gjennomgang er følgt opp i kommunen?**

- Kjenner ikkje til noko av desse punkta

**På kva måte har næringslaget ditt vore involvert i gjennomføringa av tiltak i etterkant av planarbeidet?**

- Ingenting før prosessen med endring av destinasjonsarbeidet (Påtrykk frå næringslaget i Vinje og Haukeli) med oppstart 2019 og ferdig «resultat» i 2022 der omorganisering reiseliv vart innført.

**I kva grad meiner de tiltaka i planen har vorte gjennomført som føresett**

**Tiltak kommunen hadde ansvaret for?**

- Svært liten grad i turisme/reiseliv. «Kjøpt seg ut av ansvaret» gjennom Rauland Turist

**Tiltak andre aktørar hadde ansvaret for?**

- Rauland turist har ikkje greidd å marknadsføre heile kommunen eller drive destinasjonsarbeid for heile kommunen - dei har kun gjennomført arbeidet på Rauland, noko som har vorte veldig bra for dei der oppe.

**I kva grad meiner næringslaget ditt at planen har vore eit nyttig verktøy?**

- Null verdi og ikkje noko verktøy for oss

**Andre synspunkt på planarbeidet og gjennomføring av tiltak?**

- Viktige aktørar som næringslag og næringer må og bør vera med i slike prosessar og ikkje minst bli høyrte og planane skal formast av dei som veit kvar skoen trykkjer. Planar blir ikkje vert noko om dei som skal bruke dei som verktøy eller rette seg etter dei ikkje ser verdien av planen eller har eigarskap til den.

### **3.3. Revisor si vurdering av oppfølging av næringsplan**

#### **Årleg oppfølging**

Etter vår vurdering har ikkje kommunen rullert planen årleg slik det var føresett i næringsplanen for perioden 2017-2021. Vi kan ikkje sjå at kommunen årleg har gjennomgått mål og tiltak, og det er heller ikkje sett inn nye tiltak i planen.

Etter vår vurdering svarer ikkje kommunen sine årsmeldingar i tilstrekkeleg grad opp føresetnaden om årlege gjennomgangar av mål og tiltak.

### **Rullering etter fem år**

Gjeldande næringsplan fastsett at det skal gjennomførast full planrullering etter fem år. Kommuneadministrasjonen har starta arbeidet med rullering av næringsplanen, og det er lagt fram sak for formannskapet for å forankre planarbeidet politisk. Saka i formannskapet vart utsett og sendt tilbake til administrasjonen for vidare arbeid.

Etter vår vurdering har kommunen følgd opp punktet om full rullering av næringsplanen sjølv om arbeidet med hovudrullering starta eit år etter planlagd tid. Gitt koronapandemien er det forståeleg at planarbeidet ikkje kom i gang som planlagt.

### **Gjennomføring av tiltak**

Kommunen rapporterer ikkje systematisk om korleis tiltak i næringsplanen er følgde opp. Vi bad kommunen om å vurdere gjennomføringa av 12 av tiltaka i næringsplanen. To tiltak var gjennomført, to tiltak var framleis på planleggingsstadiet og fire tiltak var ikkje gjennomført. Fire tiltak er meir eller mindre kontinuerlege arbeidsoppgåver som kommunen driv med

### **Andre kommentarar**

Vår undersøking viser at næringslaga i kommunen har opplevd planprosess og oppfølging av næringsplanen svært ulikt. Kommunen bør vurdere innspela i samband med arbeidet med ny næringsplan.



## 4. Sakshandsaming

**Skjer sakshandsaming av midlar til næringsutvikling i tråd med kommunen sine retningslinjer og gjeldande regelverk?**

### 4.1. Revisjonskriterium

#### **Kommunen sine retningslinjer til tildeling av tilskott frå næringsfondet**

Kommunen har vedteke retningslinjer for tildeling av midlar frå næringsfondet i formannskapet 18.mai 2017. Retningslinjene er sist revidert i kommunestyret 15. april 2021. I retningslinjene finn vi dette:

#### **Rammer:**

- Søknaden må gje ein utfyllande beskriving av /prosjektet/tiltaket/bedrifta.
- Det skal vektleggast om prosjektet/tiltaket/bedrifta bidrar til å etablera eit nytt tilbod som ikkje eksisterer i kommunen frå før.
- Søkar må ved søknad leggje fram ei grundig marknad og økonomisk analyse. Den økonomiske analysen må også innehalde eit likviditetsbudsjett/investeringsbudsjett og eit oppsett på finansiering.
- Søkar må i søknad kunne vise til tilstrekkeleg eigenkapital.
- Tilskottet som ytast kan ikkje overstige 30% av kapitalbehovet.
- Søkar pliktar å opplyse om søkar tidlegare har mottatt eller fått tilsegn om annan finansiell støtte til tiltaket/prosjektet/bedrifta.
- Tilskottet må vera i tråd med gjeldande EØS-reglar for bagatellmessig støtte. Samla offentleg støtte kan ikkje overstige 200.000 euro over ein periode på 3 rekneskapsår.
- Ein må i saksutgreiinga vurdere om tiltaket/prosjektet/bedrifta vil/kan bidra til etablering av nye (fulltids) arbeidsplassar (i privat sektor i kommunen).
- Søknader om støtte skal handsamast politisk, ev administrativt ved søkje beløp under kr 40 000,- og innom løyvd budsjettramme til næringseininga.

#### **Fylgjande vil/kan bli vurdere når søknaden handsamast:**

- Om tiltaket/prosjektet vil bidra/føre til auka verdiskaping og sysselsetting i Vinje kommune
- Om tiltaket/prosjektet vil bidra til auka lønnsemd for bedrifta.
- Om føresetnadar, planar og budsjetter er realistiske
- Er i tråd med FN's bærekraftsmål
- Innovasjonsgrad - kor nyskapande er tiltaket/prosjektet eller bedriftas øvrige verksemd?
- Om støtta er avgjerande for at tiltaket/prosjektet/bedrifta skal kunne gjennomførast. For store bedrifter må støtta også bidra til endring i omfang, størrelse, gjennomføringshastighet eller ressursallokering som ikkje ville skjedd utan støtta.
- Om bedrifta har evne til å gjennomføre tiltaket/prosjektet og utnytte resultata av det
- Bedriftas konkurranseevne

- Relasjonen til eventuelle samarbeidspartnere som er kritiske for bedrifta eksistens og leveringsevne, eller som skal bidra med kompetanse eller finansiering i tiltaket/prosjektet
- Sikkerhetsdekning for lån og bedriftas evne til å betene gjeld

**Det blir ikkje gjeve tilskott til:**

- Innkjøp av varelager og investeringar i lett omsettelege varer
- Transportmidlar, firmabilar og vedlikehald av desse
- Private planprosessar
- Aksjekjøp, (emisjon, eller medlemstilskott i andre organisasjonar.)

**Utbetaling:**

- Når det i prosjektet har påløpt meir enn halvparten av budsjetterte kostnader, kan halvparten av løyvd tilskott utbetalas. Påløpte kostnader skal dokumenteras og stadfestas av godkjent regnskapsfører
- Når tiltaket er gjennomført skal det leverast ein sluttrapport med tilhøyrande revisorstadfesta t regnskap (tilskott inntil 50 000 kroner kan eigengodkjennas av godkjent regnskapsfører)
- Tilskottet utbetales høvesvis etter godkjent rekneskap, likevel ikkje utover vedtatt tilsegnsbeløp 4. Viss ikkje tilskottet er oppmoda utbetalt i samsvar med vedtak som ligg til grunn for løyvinga innan 2 år frå vedtaksdato, vil tilskottet automatisk bortfalle. Det kan søkast om utsetting. Søknad om utsetting må vera velgrunna og sendes Vinje kommune seinast 2 månader før fristens utløp
- Prosjektet/bedrifta som har mottatt tilskott, får ei bindingstid i Vinje kommune på 10 år, og regnskap for drifta skal vera tilgjengelig for Vinje kommune dei første 5 år etter at tilskottet blir gitt
- Dersom bedrifta avviklar eller flyttar frå kommunen før bindingstiden er ute, kan tilskottet krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis.

**Forvaltningslova**

Enkeltvedtak

Vedtak etter søknader om ytingar fastsett i lov eller anna regelverk er å rekna som enkeltvedtak. Mest opplagte døme på dette er løyving av trygd eller pensjon. Men også andre formar for offentleg støtte, subsidiar, stipend m.m. blir rekna som enkeltvedtak dersom støtta er del av ein etablert praksis eller fast ordning, eller det er kunngjort at ein kan søkje om slik støtte. Det som er sentralt er at det er skapt ei rettmessig forventning om at det er høve til å søkje på slik støtte.<sup>6</sup> Forvaltningsorganet vil ha plikt til å handsame søknader som kjem inn, og både løyving og avslag på søknaden vil vere enkeltvedtak.

---

<sup>6</sup> Grimstad, Kyrre og Halvorsen, Siri: *Forvaltningsloven i kommunene*, Oslo, Kommuneforlaget ,2011 (s 105)

Vi legg til grunn at tildeling av tilskot frå næringsfondet i Vinje kommune er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova, dvs. vedtak som gjeld rett eller plikt til ein eller fleire bestemte personar. Forvaltningslova stiller særlege krav til sakshandsaming av slike enkeltvedtak.

Kommunen skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før enkeltvedtak blir treft, jf. forvaltningslova § 17. Tildeling av midlar baserast på søknad, og søkjar har då ansvar for å sørge for at relevante opplysningar kjem fram i søknad eller annan dokumentasjon. Sjølv om kravet til å legge fram naudsynte opplysningar ligg på søkjar, har kommunen eit ansvar for forsvarleg sakshandsaming, og sikre at saka er tilstrekkeleg opplyst. I dei høve tildelinga vert gjort av eit folkevalt organ, har kommunedirektør ansvar for at saka er forsvarleg greidd ut, jf. kommunelova § 13-1.

Enkeltvedtak skal bli grunnitt, som hovudregel samtidig med at vedtaket blir treft, jf. forvaltningslova. § 24. I grunngevinga skal det visast dei reglar vedtaket bygger på, med mindre parten kjenner reglane, jf. forvaltningslova. § 25. I den grad det er naudsynt for å sette parten i stand til å forstå vedtaket, skal grunngevinga også opplyse om innhaldet av reglane eller den problemstillinga vedtaket bygger på. Det skal opplysast om dei faktiske forholda som vedtaket bygger på, eventuelt skal det bli vist til tidlegare framstilling av fakta i vedlagt kopi.

Dei hovudomsyna som har vært avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nemnast. Dersom det er gitt retningslinjer for skjønnsutøvinga, kan ein vise til disse.

Det skal gis underretning om vedtaket, jf. forvaltningslova. § 27. Her skal grunngevinga kome fram, saman med informasjon om høve til å klage og framgangsmåte ved klage m.m.

Kommunen har ikkje plikt til å grunngi eit vedtak dersom ein søknad blir innvilga, og det ikkje er grunn til å tro at nokon part vil være misnøgd med vedtaket. Saksutgreiinga bør vise til kva for reglar og retningslinjer som ligg grunn og kva for opplysningar og skjønn som har vært avgjerande.

### Habilitet

Ifølgje forvaltningslova § 6 er ein offentleg tenestemann inhabil til å greie ut ei sak eller treffe avgjerder i ei sak når han sjølv eller andre han er i nært slektskap til, er part i saken.

Tenestemannen er også inhabil når han er verje eller fullmektig for ein part i saken, eller han har ei leiande stilling i eit styre, i eit selskap eller ei bedriftsforsamling i eit samvirkeføretak som er part i saka.

Tenestemannen er inhabil når andre særeigne forhold ligg føre som er egna til å svekke tilliten til at han er upartisk. Når ein skal vurdere om det ligg føre særeigne forhold, skal det blant anna bli lagt vekt på om ei avgjerd i ei sak kan være til særleg fordel, tap eller ulempe for tenestemannen sjølv, eller personar han har nær personleg tilknytning til. Er ein overordna tenestemann inhabil i ei sak, kan ein direkte underordna tenestemann i same forvaltningsorgan, ikkje treffe avgjerd i saka.

Ifølgje § 8 i forvaltningslova skal tenestemannen sjølv avgjere om han er inhabil. Dersom ein part krev det, eller tenestemannen sjølv ønskjer det, skal han legge fram spørsmålet for nærmaste overordna til avgjerd. Det er inga formelle krav til dokumentasjon av habilitetsvurderinga og avgjerda. Men det er et godt tiltak å ha rutinar som sikrar at habilitet alltid blir vurdert, og at vurderinga og avgjerda blir dokumentert og eventuelt blir grunngjeven, jf. kommuneloven § 25-1 om internkontroll.

### **EØS-regelverket**

Reglane i EØS-avtalen om offentleg støtte er gjennomført i norsk rett ved lov 27. november 1992 nr. 117 om offentleg støtte, med tilhøyrande forskrifter. Hovudregelen i EØS-avtalen art. 61 er at offentleg støtte som vrir eller truar med å vri konkurransen ved å favorisere einskilde føretak, og som påverkar samhandelen mellom EØS-landa, er forbodne, med mindre den er tillate etter unnataka i avtalen.

Ifølgje kommunelova § 25-1 skal kommunen ha internkontroll for å sikra at lover og forskrifter blir følgde. Dette omfattar også reglane om offentleg støtte. Støtte må anten bli gitt gis som bagatellmessig støtte, være omfatta av gruppeunnataka eller vere førehandsvarsla til ESA. Når det gjelder tildeling av næringstilskot er det reglane om bagatellmessig støtte som er mest relevant.

Maksimalt samla bagatellmessig støttebeløp er kr. 2 143 870<sup>7</sup> (200 000 euro) over tre år frå alle støttegivarar til saman.

Den som gir bagatellmessig støtte (i dette tilfellet kommunen) skal gjere støttemottakar kjent med kor stor støtte som blir gitt, og at støtta blir gitt som bagatellmessig støtte.

Kommunen må innhente skriftleg stadfesting frå støttemottakar om eventuell annan bagatellmessig støtte verksemda har fått i inneverande budsjettår, samt i dei to tidlegare budsjettåra.<sup>8</sup> Departementet har laga eit framlegg til korleis eit tildelingsbrev kan vareta dette<sup>9</sup>.

Frå og med 2023 gjelder ny *Lov om nasjonale saksbehandlingsregler i saker om offentlig støtte (støtteprosessloven)*. Den nye lova pålegg mellom anna støttegjevar å ha rutinar for å kontrollere at støtte gis og brukast i samsvar med EØS-regelverket.

Vi har utleidd følgjande revisjonskriterium:

- **Søknader må innehalde forretningsplan og finansieringsplan/budsjett for tiltaket**
- **Innhaldet i søknadene skal vurderast opp mot kriteria i retningslinene**
- **Kommunen må tildele næringstilskot innafor 30 % av kapitalbehovet til tiltaket.**

---

<sup>7</sup> Omrekna 25. januar 2023

<sup>8</sup> [veileder\\_offentlig-stotte.pdf \(regjeringen.no\)](#)

<sup>9</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransopolitikk/regler-om-offentlig-stotte-listeside/bagatellmessig-stotte/tildelingsbrev---bagatellmessig-stotte/id2412716/>

- **Vilkåra i retningslinene må vere oppfylt før næringstilskot kan utbetalast**
- **Svar på søknad om næringstilskot må følgje reglane for enkeltvedtak om grunngjeving, underretning og klagerett.**
- **Sakshandsamarar og folkevalde som handsamar og/eller tildeler næringsstøtte må vere habile**
- **Næringsstøtte må tildelast i samsvar med EØS-reglane om bagatellmessig støtte.**

## 4.2. Sakshandsaming - data

### 4.2.1. Handsaming av søknader/tildeling av tilskot

Under fana *kommunalt næringsfond* på kommunen sine nettsider ligg informasjon om at kommunen kan gi økonomisk støtte til ein skilde verksemder og næringsprosjekt. Midlar frå næringsfondet blir brukt til søknader med tilskotsbeløp over kr 40 000, og blir alltid handsama i formannskap og kommunestyret. Søknader med tilskotsbeløp under kr 40 000 blir handsama administrativt, og tilskota blir då belasta næringsavdelinga sitt driftsbudsjett. Vi har ikkje undersøkt desse administrative sakene.

Vi får opplyst at det ikkje er satt av ein bestemt sum til fordeling pr år til frå næringsfondet til denne tilskotsordninga. Midlar frå næringsfondet blir også brukt til andre føremål. Det ligg ikkje føre noko samla oversikt over tilskott gitt frå næringsfondet dei seinaste åra. Vi har i samband med denne revisjonen pukka ut 16 saker i sak/arkivsystemet i perioden 2018-2022 som gjeld søknadar om tilskott frå næringsfondet.<sup>10</sup> Lågaste tilskottsum var kr 75 000, medan høgaste var kr 817 000.

Under fana *kommunalt næringsfond* er det vidare lenke elektronisk søknadsskjema og til dokumentet *retningsliner for kommunal støtte*. I gjennomgangen har vi sett at det elektroniske skjemaet i svært liten grad blir nytta for å søkje om tilskot. I all hovudsak blir søkt om midlar via e-post (vedlegg til e-post). Det ligg ikkje føre noko skjema eller sjekklister, til dømes i Word-format, for nedlasting til bruk for dei som ikkje nyttar den elektroniske søknadsportalen. Næringsssjefen seier dei arbeider med å endre/forenkle måten å søkje elektronisk på, med målsetting om at alle som søker skal bruke dette systemet. Det vil uansett bli mogleg å laste opp vedlegg med meir utfyllande skildring av tiltaka, budsjett, teikningar og anna relevant informasjon.

Kommunen har inga skriftlege rutinar eller sjekklister til bruk arbeidet med vurdering av søknader og utarbeiding av saker til politisk handsaming.

I kommunen sitt sak/arkivsystem (Elements) ligg det mal for saker til politiske utval. Ifølge malen skal saksframlegget innehalde desse punkta

- Vedlegg
- Dokument i saka

---

<sup>10</sup> Nærmare informasjon om utplukk av saker ligg i metodekapittelet

- Bakgrunn
- Vurdering
- Rådmannens framlegg til vedtak

Malen for saker til politiske utval er brukt i alle dei sakene vi har undersøkt.

I alle sakene vi undersøkte låg søknaden (og eventuelle vedlegg) med som vedlegg til saka slik at formannskap/kommunestyret sjølv kan orientere seg i innhaldet i søknaden. I alle sakene vi undersøkte hadde søkjar greie for innhaldet i tiltaket, og der det var relevant, var det til vist til marknadsanalyse-/forretningsplan. I alle sakene låg det også føre budsjett for tiltaka. I tillegg til søknadene som følgde sakene var det under overskrifta *bakgrunn* i saksframlegga korte samandrag av kva for tiltak søknadene gjaldt.

I saksframlegga til formannskap/kommunestyre gjer rådmannen ei vurdering av søknadene. I dei sakene vi har undersøkt var det (med eitt unnatak) forholdsvis korte vurderingar som låg til grunn for framlegg til vedtak. Det er ikkje ei systematisk gjennomgang av dei ulike vilkåra som ein i følgje retningslinene kan/skal vurdere. I saksframlegga finn vi gjerne i korte ordelag, vurderingar av innovasjonsgrad, sysselsetting, i kva grad verksemda verkar solid og kor viktig verksemda er for kommunen. Dette er litt ulikt vekta, alt etter kva søknaden gjeld. I einskilde vurderingar blir det peika både på punkt i retningslinene er oppfylte, og punkt som ikkje er oppfylte.

Med unnatak av to saker var tilskotssummen innafor 30 % av totalsum for tiltaket. I den eine av desse sakene blei det i saksframlegget gjort greie for kvifor rådmannen likevel innstilte på å gi tilskott. Innstillinga ble vedteken. I den andre saken var det i saksframstillinga inga drøfting av avviket frå retningslinene. Rådmannen innstilte på tilskot, og formannskap og kommunestyret gjorde vedtak i samsvar med innstillinga.

Det ligg ikkje føre noko mal for sluttrapport som skal nyttast av dei som har fått tilskot. Av dei 16 søknadane/sakene vi undersøkte var det tre saker der det blei gitt avslag på søknaden og det var difor ikkje var relevant å sjå etter sluttrapport og rekneskap. Ein sak var av nyare dato, og det var enno ikkje utbetalt tilskott. I ein annan sak, også av nyare dato, var det bedt om utbetaling, men i svar frå kommunen blei det peika på manglande dokumentasjonen på bruk av midlane. Søkjar blei beden om å legge fram rett dokumentasjon før eventuell utbetaling.

I dei resterande elleve sakene var det utbetalt tilskot, men i sak/arkivsystemet var det ikkje dokumentert at sluttrapport og revisorbekrefta rekneskap var sendt inn.

Næringsssjefen opplyser at det nok stemmer at det i ein del tilfelle er mangel på dokumentasjon av at sluttrapport og revisorbekrefta rekneskap i sak/arkivsystemet. Det kan vere vanskeleg for verksemdar som ikkje er pliktige å ha revisor, å få tak i revisor for eit enkelt oppdrag. Som regel vil eit rekneskap frå rekneskapsførar i slike tilfelle bli godkjend. Vidare seier han at han som regel har god kjennskap til søkjarane og dei aktuelle tiltaka, og at han alltid sørger for å sjekke ut med søkjar, dra på synfaring eller på annan måte få undersøkt at tiltaka er gjennomførde.

#### 4.2.2. Utforming av vedtak - underretning

Vi får opplyst at det ikkje er laga mal for svar på søknader om tilskot frå næringsfondet i sak/arkivsystemet. Det ligg heller ikkje føre nokon form for rutine eller sjekklister for korleis svarbrev skal utformast. Vanleg brevmal i ePhorte/Elements har blitt nytta for å gi melding om vedtak.

I vår gjennomgang av saker om tilskot frå næringsfondet fann vi at det i tre av 16 tilfelle ikkje var dokumentert at det var sendt ut skriftleg svarbrev til søker.

Vår gjennomgang av søknader, viser at svara til søkerane elles er ulike. Der det er sendt svarbrev (13 svarbrev) er det vist til vedtaket i formannskap/kommunestyret, og i nokre tilfelle er det også vist til framlegg som kom i møtet, samt stemmegivinga. I tre tilfelle er det i tillegg vist til vilkåra for utbetaling som ein finn i retningslinene.

Det er ikkje omtale av reglane om offentleg støtte i nokon av svarbrev (sjå meir om dette i kap. 4.2.4)

I dei høve der søknader blei avslått, eller det blei gitt mindre tilskot enn omsøkt, er det i svarbrevet ikkje gitt nærmare grunngjeving for vedtaket. Det er heller ikkje opplyst om klagerett.

Når det gjeld søknader om mindre tilskot (opp til kr 40 000), med dekning frå næringsavdelinga sitt budsjett, blir det bruka ein brevmal der det er opplyst om høve til å klage:

#### **Informasjon om retten til å klage**

*Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Klaga sendas skriftleg til den som har gjort vedtaket. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram*

#### 4.2.1. Vurdering av habilitet

I kommunen sine etiske retningslinjer (udatert) for tilsette og folkevalde finn vi dette om habilitet:

##### **Habilitet:**

- *Forvaltningslova har reglar om habilitet som gjeld alle tilsette og folkevalde i kommunen.*
- *Tilsette og folkevalde skal unngå å koma i konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser.*

***Om personlege interesser kan påverke avgjerda i ei sak som ein har fagleg ansvar for, eller deltek i handsaminga av, skal ein ta dette opp med overordna. Eksempel på slik konflikt kan vera:***



- *forretningsmessige tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollega*
- *løna attåtning som kan påverke det arbeidet ein gjer*
- *engasjement i interesseorganisasjon eller politisk verksemd som vedkjem tilhøve som den enkelte arbeider med i kommunen*
- *personlege økonomiske interesser som kan føre at vedkomande medarbeidar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til si verksemd*
- *familiære og andre nære samband*

Det ligg ikkje føre skriftleg rutine eller sjekklister for handsaming av tilskot frå næringsfondet der vurdering av habilitet er eit tema.

Det er i utgangspunktet næringssjefen som handsamar innkomne søknader om tilskot frå næringsfondet. Han seier at han alltid vurderer eigen habilitet i samband med handsaming av søknader om næringstilskot. Dersom han vurderer det slik at han er inhabil, vil som regel rådmannen stå for sakshandsaminga.

I dei tilfella der det blir vurdert at næringssjefen er inhabil, blir ikkje vurderinga og konklusjonen dokumentert i sak/arkivsystemet.

#### **4.2.2. Offentleg støtte**

I *retningslinjer for kommunal støtte til enkeltprosjekt/tiltak/bedrifter* er det gjort greie for rammer for tilskotsordninga. Ordninga er vurdert til å kome inn under regelverket om bagatellmessig støtte og det er gitt slik opplysning i retningslinjene:

*Tilskottet må vera i tråd med gjeldande EØS-reglar for bagatellmessig støtte. Samla offentlig støtte kan ikkje overstige 200.000 euro over ein periode på 3 rekneskaps år.*

I det elektronisk søknadsskjemaet skal søkjar gjere greie for finansieringa av det aktuelle tiltaket og opplyse om det er søkt om tilskot til tiltaket frå andre offentlege instansar. Det blir ikkje spurt om verksemda/instansen i andre samanhengar har motteke offentlig tilskot frå andre i løpet av dei tre siste rekneskapsåra.

Berre to av søknadene vi undersøkte, var kome inn som elektroniske søknader, og der var det i begge tilfella kryssa av for at det ikkje var søkt om tilskot frå andre offentlege instansar.

I to av dei 14 andre søknadene vi undersøkte, var oppgitt at det var søkt om tilskot/lån frå Innovasjon Norge. I dei resterande søknadene var det ikkje eksplisitt oppgitt om det var søkt om anna offentlig støtte, men ved å sjå på budsjetta i søknadene ville det vere mogleg å identifisere eventuell anna offentlig støtte til tiltaket.



I etterkant av vedtaka i formannskap og/eller kommunestyret er det i mest alle tilfella sendt tilsagnsbrev til søkerane. Ingen av tilsegnsbreva vi undersøkte innehaldt opplysningar om at tilskotet var gitt som bagatellmessig støtte. Kommunen innhentar heller ikkje skriftleg erklæring frå tilskotsmottakar på om dei har motteke anna støtte i løpet av dei tre siste åra, eller stadfesting av at dei med det aktuelle tilskotet frå kommunen framleis vil vere innafor terskelverdien på 200 000 euro.

I samband med denne revisjonen har vi også spurd kommunen om kva for vurderingar som ligg til grunn for to andre tilskotsordningar kommunen har.

### **Fast tilskot til reiselivs- og næringsutvikling**

Når det gjeld dei årlege faste tilskota til dei tre næringslaga i kommunen får vi opplyst frå nærings sjefen at det ikkje er vurdert om slik støtte er i samsvar med EØS-regelverket. Dei tre næringslaga mottok kvar seg om lag 1,5 millionar kroner kvart år. Samla støtte over tre år vil ligge over grensa for bagatellmessig støtte.

### **Tilskot til landbruksformål**

Landbruksrådgjevaren i kommunen seier at landbrukssektoren i utgangspunktet fell utanfor EØS-avtalen, og at dei er kjende med dei tilfella der EØS-regelverket likevel vil gjelde. Det kan vere der tilskota gjeld tilleggsnæringar til landbruksdrifta, til dømes camping, grøn omsorg, gardsturisme, kafédrift m.m. I det kommunale regelverket for tilskot til landbruket kan det gjevast tilskot til:

Tilleggs- eller bygdenæringar på gardsbruk med utgangspunkt i eigedomen sine ressursar. Investerings – og etableringskostnader. Gjeld ikkje utleiehytter.

Landbruksrådgivaren seier vidare at svært få har søkt om slike tilskot dei seinaste åra, og at tilskotsbeløpa er små. Kommunen har oppdatert oversikt over bruk av kommunale tilskot til landbruket tilbake til 2007, samt ein tilsvarande oversikt over tilskot gjeve av Innovasjon Norge. Han seier kommunen har ein god oversikt på feltet, og held god avstand til EØS-regelverket. Vidare seier han at ut frå tilskotssatsar i kommunen og Innovasjon Norge vil ei tilleggsnæring i praksis ha ein kostnad på minst 4 millionar kroner for å vere i nærleiken av grensa for bagatellmessig støtte. Då vil dette neppe ha preg å vere ei tilleggsnæring på småbruka i kommunen.

På kommunen sine nettsider er det gitt informasjon om kommunalt tilskot til landbruksføremål. Det er der inga informasjon om reglane om bagatellmessig støtte. Søknadsskjemaet (elektronisk søknadsskjema) inneheld inga krav om å gi opplysningar om verksemda har fått tilskott frå offentleg instansar dei seinaste åra, eller ei vurdering av om eit eventuelt tilskott vil vere innafor reglane om bagatellmessig støtte. Landbruksrådgivaren seier det kan vere hensiktsmessig å gjere søkerar merksame på regelverket.

### 4.3. Revisor sin vurdering av sakshandsaming

Etter vår vurdering skjer sakshandsaming av midlar til næringsutvikling berre delvis i tråd med kommunen sine retningslinjer og gjeldande regelverk.

#### **Søknader må innehalde forretningsplan og finansieringsplan/budsjett for tiltaket**

Alle søknadene knytt til saken vi undersøkte hadde gjort greie for innhaldet i tiltaket, og der det var relevant, var det til vist til marknadsanalyse/forretningsplan, og dessutan låg det også føre budsjett for tiltaka.

#### **Innhaldet i søknadene skal vurderast opp mot retningslinene**

Innhaldet i søknadene er gjort greie for i saksframlegga, og søknadene ligg som vedlegg til sakene slik at formannskap/kommunestyre også sjølv kan orientere seg nærmare i innhaldet. Etter vår vurdering bør ein i saksframlegga i større grad systematisk vurdere om søknaden er i tråd med kriteria i retningslinene. Ein form for mal kan vere hensiktsmessig slik at alle vurderingane kjem fram på ein systematisk og oversiktleg måte.

#### **Kommunen må tildele næringstilskot innafor 30 % av kapitalbehovet til tiltaket.**

I hovudsak er dette kravet i retningslinene følgt opp, men vi fann to saker der tilskotssummen var høgare enn 30 % av totalsum for tiltaket. I den eine av desse sakene blei det i saksframlegget gjort greie for kvifor rådmannen likevel innstilte på å gi tilskot. I den andre saka var det i saksframstillinga inga drøfting av avviket frå retningslinene. Vi meiner at årsaka til å fråvike retningslinene bør gå fram av saksframlegget.

#### **Vilkåra i retningslinene må vere oppfylt før næringstilskot kan utbetalast**

Vår gjennomgang viser at tilskot i fleire høve, har blitt utbetalt utan at krava retningslinene har vore oppfylte. Dette gjeld primært krava om sluttrapportering og revisorbekrefta rekneskap.

Fleire av verksemdene som mottek tilskott har ikkje krav om å ha revisor, og ifølgje kommunen kan det difor vere vanskeleg for desse verksemdene å levere revisorbekrefta rekneskap. Kommunen har difor innhenta annan type dokumentasjon eller/og kontrollert gjennomføring av tiltaket på anna vis. Dersom retningslinene ikkje er i tråd med praksis slik kommunen ynskjer å ha den, bør kommunen vurdere om retningslinene skal justerast.

#### **Utforming av vedtak**

Svara på søknader om næringstilskot oppfyller ikkje krava som gjeld for enkeltvedtak. Både grunngjeving og informasjon om klagerett manglar.

Kommunen bør vurdere om det ev. kan vere tenleg å vise til vilkår for utbetaling av tilskot og EØS-regelverket i søknadssvaret.

#### **Habilitet**

Vi har fått opplyst at det i samband med søknader om tilskot frå næringsfondet rutinemessig blir vurdert om sakshandsamar er habil. Det er sakshandsamar sjølv som gjer vurderinga.

Det er ikkje er formelle krav om å dokumentere habilitetsvurdering. Det kan likevel vere hensiktsmessig å dokumentere slike vurderingar på område der det er særleg habilitetsrisiko. Ut i frå erfaring, er tildeling av tilskot eit slik område.

### **EØS-reglane om bagatellmessig støtte**

Tilskotsbeløpa i dei sakene vi har undersøkt er alle langt under beløpsgrensa for bagatellmessig støtte. Med atterhald om at tilskotsmottakarane ikkje har motteke anna offentleg støtte, har kommunen følgt regelverket.

Kommunen må opplyse tilskotmottakar om han mottar bagatellmessig støtte. Det går fram av retningslinene at tilskot frå næringsfondet reknast som bagatellmessig støtte.

Kommunen må innhente skrifteleg erklæring frå støttemottakar om annan offentleg støtte til tiltaket eller verksemda for inneverande og to siste år. I det elektroniske søknadsskjemaet er det spørsmål om søkjar har motteke annan offentleg støtte til tiltaket, men ikkje om dei har motteke offentleg støtte til sjølve verksemda i løpet av dei tre siste åra. Sidan det i dei fleste tilfella ikkje blir brukt elektronisk søknad, er det opp til søkjar om dei opplyser om samla offentleg tilskott til tiltaket/verksemda. Kommunen innhentar ikkje informasjon eller skrifteleg erklæring om annan offentleg støtte, på anna vis enn det som blir oppgjeve i søknaden. Etter vår vurdering oppfyller ikkje kommunen kravet om å innhente skrifteleg erklæring på annan bagatellmessig støtte frå støttemottakar. Kommunen må be om slik erklæring, gjerne i samband med at tilsagnsbrev blir sendt ut. Erklæringa bør være sendt kommunen før utbetaling av tilskot skjer. Kommunen bør i tillegg opplyse om at dei kan krevje innsyn i naudsynt dokumentasjon, og kva konsekvensar det kan ha å gje opp feil opplysningar.

Endringar i rutinar og retningsliner bør sjåast i samanheng med nye krav i støtteprosesslova.

Når det gjeld dei faste årlege tilskota til næringslaga bør kommunen vurdere om denne ordninga er i samsvar med I EØS-regelverket. Vurderinga bør dokumenterast.

## 5. Konklusjonar og tilrådingar

### 5.1. Konklusjonar

#### **Blir næringsplanen følgt opp som føresett?**

Undersøkingane våre viser at kommunen ikkje har følgt opp næringsplanen som føresett.

Det er ikkje årleg vurdert om mål for sysselsettings- og omsetningsvekst er nådd. Det er heller ikkje årleg vurdert om tiltaka i næringsplanen er gjennomført, og heller ikkje om det behov for å innarbeide nye tiltak.

Kommunen har no starta arbeidet med ei hovudrullering av næringsplanen. Arbeidet skulle etter planen ha starta i 2021. Forseinkinga skuldast mellom anna koronapandemien.

Stikkprøve av 12 tiltak i næringsplanen, viser at to tiltak er gjennomført, to tiltak er under planlegging og fire tiltak er ikkje gjennomført. Dei siste fire tiltaka er meir eller mindre kontinuerlege arbeidsoppgåver som kommunen driv med

#### **Skjer sakshandsaming av midlar til næringsutvikling i tråd med kommunen sine retningslinjer og gjeldande regelverk?**

Våre undersøkingar viser at kommunen ikkje alltid følgjer eigne retningslinjer og gjeldande regelverk ved tildeling av tilskot.

I alle søknadene vi undersøkte var det gjort greie for innhaldet i tiltaket, det var vist til marknadsanalyse/forretningsplan, og dessutan låg det også føre budsjett for tiltaka.

Innhaldet i søknadene er gjort greie for i saksframlegga, og søknadene ligg som vedlegg til sakene slik at formannskap/kommunestyre også sjølv kan orientere seg nærmare i innhaldet. Etter vår vurdering bør ein i saksframlegga i større grad systematisk vurdere om søknaden er i tråd med kriterier i retningslinjene.

I dei saker der administrasjonen gjer framlegg om vedtak som avviker frå retningslinjene, bør grunngjevinga for dette gå fram av saksframlegget.

Kommunen sikrar ikkje at det ligg føre naudsynt dokumentasjon på at tiltak er gjennomført før tilskot blir utbetalt.

Svar på søknad om næringstilskot er enkeltvedtak. Det inneber mellom anna at det er krav om grunngjeving og informasjon om klagerett. Dette manglar i kommunen sine vedtak/svarbrev til søkerane.

Habilitet blir vurdert, men vurderingar og konklusjonar blir ikkje dokumentert.

I dei sakene vi har undersøkt ligg kommunen sine tilskotsbeløp godt innafor beløpsgrensa for bagatellmessig støtte. I retningslinene for tilskott blir det gitt informasjon om krav i EØS-regelverket, men kommunen sørger ikkje for å innhente skriftleg erklæring på at tilskotsmottakar ikkje har fått anna offentleg støtte. Vi meiner kommunen ikkje følgjer prosesskrava i regelverket fullt ut.

## 5.2. Tilrådingar

Vi rår kommunen til

- å tildele og utbetale tilskot i samsvar med eigne retningsliner
- å sørge for at svar på søknader om tilskot oppfyller krava til enkeltvedtak
- å vurdere tiltak for å dokumentere habilitet
- å følgje regelverket for bagatellmessig støtte

## Litteratur og kjeldereferansar

### Love og forskrifter

Lov 10. februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova).

Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon

### Kommunens dokumenter

Kst.-saker                    20/2020, 93/2020, 110/2020, 36/2021, 09/2022, 22/2022, 28/2022, 29/2022,  
40/2022, 58/2022, 82/2022 og 95/2022

Form.sk-saker            23/2015, 22/2018, 52/2018, 21/2019, 46/2020, 62/2020 og 05/2023

Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021 (Kst 6. april 2017)

Reviderte retningslinjer for kommunal støtte til enkeltprosjekt/tiltak /bedrifter (Kst 15. april 2021)

### Elektroniske kjelder

Vinje kommune:        [Vinje.kommune.no](http://Vinje.kommune.no)

Regjeringa:            [veileder\\_offentlig-stotte.pdf \(regjeringen.no\)](http://veileder_offentlig-stotte.pdf_(regjeringen.no))

[Tildelingsbrev - Bagatellmessig støtte - regjeringen.no](http://Tildelingsbrev_-_Bagatellmessig_stotte_-_regjeringen.no)

### Bøker

Grimstad og Halvorsen, *Forvaltningsloven i kommunene*. Oslo: Kommuneforlaget , 2011.

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Rådmannen si fråsegn



Vinje kommune



VESTFOLD OG TELEMARKE REVISJON IKS  
Postboks 311  
3701 SKIEN  
Att.Dag Oftung

U.off:  
Offl. § 5 1. ledd

Vår ref  
2022/5376-6

Sakshandsamar:  
Jan Myrekrok

Arkiv  
SAK7

Dato:  
14.02.2023

### Forvaltningsrevisjon - rapport til uttale

Rådmannen har ikkje merknader til rapportutkastet slik det ligg føre.

Med helsing

Jan Myrekrok  
rådmann

*Dokumentet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.*

Mottakarar av dette brevet:  
VESTFOLD OG TELEMARKE REVISJON IKS

## Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjonen starta med oppstartsbrev 24. november 2022. Vi hadde oppstartsmøte 1. desember med kommunalsjef for kultur, næring og fritid.

Forvaltningsrevisjonar skal gjennomførast på ein måte som sikrar at informasjonen i rapporten er relevant og påliteleg. Data er relevante (gyldige/valide) dersom dei skildrar dei forholda som problemstillingane handlar om. Om data er pålitelege (reliabilitet) handlar om at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mogleg og at det ikkje har skjedd systematiske feil undervegs.

Nedanfor gjer vi greie for datagrunnlaget vårt og kva metodar vi har brukt for å svare på problemstillingane. Vi vil også beskrive kva tiltak som er brukt for å sikre at vi har relevante og pålitelege data.

### Innsamling av relevante og pålitelege data

Datainnsamling og rapportskrivning har gått føre seg i perioden desember 2022-februar 2023.

For å undersøke næringsarbeidet i Vinje kommune har vi henta data frå ulike kjelder.

Vi har gjennomgått næringsplanen for perioden 2017-2021, og sett på politiske saker knytt til denne. Vidare har vi undersøkt årsmeldingar for den aktuelle perioden. I samband med rullering av planen har vi undersøkt sak i formannskapet knytt til oppstart av planarbeidet.

Die tre næringslaga i kommunen har fått høve til å kome med synspunkt på deltaking i planarbeidet og korleis planen har blitt følgt opp. Vi har fått innspel på telefon og via e-post. Det har vore ei utfordring at i to av næringslaga er dei som var med i planarbeidet i 2015/2016 ikkje lenger sentrale i næringslaget. Sjølv om uttalene kjem frå ein skilde personar, og ikkje er handsama formelt i næringslaga, legg vi til grunn at det dei har formidla er gjeldande.

Frå kommunen sine nettsider har vi henta informasjon om tilskotsordningane, retningslinjer og søknadsskjema m.m.

Vi har fått informasjon om næringsarbeidet frå tilsette i kommunen; næringssjef, landbruksrådgjevar og plankoordinator. Vi har særleg fått informasjon frå næringssjefen. Han er sentral i næringsarbeidet, og den som sit med sakshandsaminga av søknader om tilskott. Informasjonen er gitt i intervju og e-postar. Informasjonen gitt i intervju er verifisert. Det kan vere ei metodisk svakheit når informasjonen i all hovudsak kjem frå ein person, men vi har ikkje grunnlag for å meine at opplysningar som er gitt ikkje er rett.

For å sjå på handtering av søknader om tilskott frå næringsfondet har vi undersøkt 16 søknader/saker i perioden 2018-2022. Vi gjorde ei fordeling på dei ulike åra og valte også ut nokre søknader som fekk avslag. Vi har fått tilgang til kommunen sitt sak/arkivsystem og vore inne og sett på journalpostar som er knytt til dei aktuelle sakene.



Vi har sjekka ut med administrasjonen at fakta i rapporten er korrekt framstilt. Kommunedirektøren har fått høve til å kome med fråsegn til rapporten, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 14. Fråsegna ligg i vedlegg 1.

## Personopplysningar

I samband med denne forvaltningsrevisjonen har vi behandla personopplysningar som namn, telefonnummer og e-postadresse til tilsette i kommunen. Vi har også sett sam type opplysningar om søkjarar av tilskott. Opplysningane har vi funne i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Vårt rettslege grunnlag for å behandle personopplysningar er kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Vi behandlar personopplysningar slik det er sagt i vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på vår nettside [vtrevisjon.no](http://vtrevisjon.no).

## God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast i samsvar med kommunelova og god kommunal revisjonsskikk.<sup>11</sup>

Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Vestfold og Telemark revisjon IKS har et system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll.<sup>12</sup> Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med vårt kvalitetskontrollsystem og i samsvar med krava i RSK 001.

---

<sup>11</sup> God kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kjem til uttrykk først og fremst i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eigarskapskontroll. Gjeldande standardar er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre hausten 2020. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

<sup>12</sup> ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester

## Vedlegg 3: Tiltak i næringsplan 2017-2021

Vi har her klippet ut nokre av tiltaka frå næringsplanen for perioden 2017-2021. Kommunen er bede om å gi korte kommentar til status under kvart av tiltaka:

- I kva grad er tiltaket er gjennomført
- Eventuelt kva som gjenstår
- Eventuelle annen kommentar/

### Kap. 1.2 - Reiseliv

Mål	Sysselsettings- og omsetningsvekst
Satsingsområde	Skiløyper
Tiltak	Kommunal tilskotsordning for løypekøyning

**Om tiltaket:** Kommunalt bidrag til løypekøyning er eit løpande næringspolitisk tiltak primært i Vågslid og Rauland, men er òg i varierende grad eit tilbod til innbyggjarar i kommunen som ikkje soknar til turistløypene. Dagens prinsipp for kommunalt tilskot til løypekøyning er uklare og trengst å bli rydda i. Målet må vera at dei forskjellige aktørane innanfor ein viss tidshorisont veit kva dei har å halde seg til frå kommunens side.

**Innhald i tiltaket:** Utarbeide tildelingsprinsipp og finne tilskotsnivå for dei forskjellige løypenetta i kommunen. Moment i dette vil vera:

- Drøfte og kategorisere formålet med løypene, dvs. næring og/eller velferdshelsetiltak osv.
- Kvar ein skal ha løyper som kan vera søkjegode på eitt eller anna nivå.
- Ambisjonsnivå for løypekøyninga i dei forskjellige traséane / kategoriane, dvs. forventa full standard dagleg, berre oppkøyning i helgene eller kombinasjonar.
- Grunntilskot pr. kilometer med eventuelle påplussingar alt etter kategori eller skilje kategoriane heilt.
- Vurdere om tilskotsnivået skal påverkast av topografi og /eller værmessige tilhøve, dvs. til dømes skog eller snaufjell osv.
- Finne fordelingsnykel for finansiering mellom kommunen, næringa, brukarane, dugnad eller andre.
- Enkel sakshandsaming, til dømes utarbeide standardskjema til bruk for aktørane.
- Tidshorisont / avtaleperiode.

**Utførande ansvar:** Kommune i samarbeid med dei forskjellige aktørane.

**Framdrift / frekvens:** Opplegg frå sesongen 2017/18.

**Avtaler / finansiering o.l.:** Avtaler mellom kommunen og aktørane. Kommunen og aktørane når det gjeld finansiering.

#### **Kommentar frå kommunen:**

Dette tiltaket er ivaretatt. De ulike løypelagen/oppdragstakaren har fått tildelt beløp ut frå hyppigheit på køyninga og lengde på køyninga

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Tur- og sykkelløyper</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Sysseltrasé Haukelifjell skisenter – Haukeliseter fjellstoge / fylkesgrensa</b>

**Om tiltaket:** Ein godt tilrettelagt sykkelveg over ein relativt lang distanse vil auke attraktiviteten til området.

13

**Innhald i tiltaket:** Opparbeide sykkelveg på strekninga Haukelifjell skisenter til Prestegård. Deretter kan sykkelvegen fortsette langs den gamle Haukelivegen over Kreklingdyrskar. På sikt trengs det ny sykkeltrasé frå der den gamle vegen møter den nye vest for Vågslid tunnelen og fram til Haukeliseter fjellstoge / fylkesgrensa.

**Utførande ansvar:** Vinje kommune og Statens vegvesen i samarbeid med turistaktørar og grunneigarar.

**Framdrift/frekvens:** Forprosjekt oppstart 2017/2018

**Avtaler/finansiering o.l.:** Statens vegvesen, Vinje kommune, grunneigarar, Stavanger Turistforening, m.fl.

**Kommentar frå kommunen:**

Eit utvida arbeid er starta. Åmot til Skaret i samarbeid med Ullensvang kommune. Foreløpig bare på kartleggingsstadiet.

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Tur- og sykkelveggar</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Tilrettelegging for toppturar</b>

**Om tiltaket:** Toppturar har blitt meir og meir populære for både born og vaksne. I kommunen er det fleire nutar som vil vera attraktive til slik bruk. Tilrettelegginga krev

14

nokre fysiske inngrep og planleggingsprosessane er avhengige av god dialog med grunneigarane.

**Innhald i tiltaket:** Tilrettelegging kan dreie seg om trygg og tilstrekkeleg parkering, infoskilting, bandtvang, søppelkasser, eventuelle toalett, vedlikehaldsavtaler m.m.

**Utførande ansvar:** Vinje kommune.

**Framdrift / frekvens:** Må konkretiserast for det enkelte prosjekt.

**Avtaler / finansiering o.l.:** Vinje kommune i samarbeid med grunneigarar og eventuelt andre.

**Kommentar frå kommunen:**

Her er det ikkje gjort så mykje knytt til fokus på toppturar anna enn at ein har prosjekt Stolpejakta i samarbeid med idrettslaga og Ti på topp i regi av bedriftsidrettskretsen.

Det har vært arbeidet med bandtvang.

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Tur- og sykkelvegar</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Vera ein del av Vandre Telemark</b>

**Om tiltaket:** Vandre Telemark er eit nettverk av godt tilrettelagte turstigar som er skilta, merka og gradert i farger etter vanskelighetsgrad. Kommunane i Vest Telemark har eit bra samarbeid knytt til marknadsføring av tiltaket.

**Innhald i tiltaket:** Utarbeide miniguider, nettside, samlingar i kommunar som er med i Vandre Telemark og etablere Vandrar velkomen bedrift.

**Utførande ansvar:** Vinje kommune og Vandre Telemark.

**Framdrift / frekvens:** Fortløpande møter med Vandre Telemark.

**Avtaler / finansiering o.l.:** Turistaktør og Vinje Kommune, avtale Rauland Turist.

#### **Kommentar frå kommunen:**

Det har blitt etablert miniguider knytt til prosjekt Vandre Telemark. Nokon bedrifter har også fått status som Vandrar velkomen bedrift. Vinje kommune har ansvar for å sjekke at stigane som er ein del av Vandre Telemark er i orden og at skilt er i orden.

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Effektar av verdsarven</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Tiltak omkring «Vasspegelen i Møsvatn»</b>

**Om tiltaket:** Grunnlaget for industrieventyret på Notodden og Rjukan er vasskrafta frå Vinje, dvs. tilsiget frå Kvenna og hovudbassenget Møsvatn. Desse vassmengdene gjorde kraftproduksjon mogeleg og gav i neste omfang fundamentet for utvikling av dei to industristadene.

**Innhald i tiltaket:** Arbeide for at «Vasspegelen i Møsvatn» blir ein integrert del av det som no skjer rundt verdsarven på Notodden og Rjukan. Hovudelement i tiltaket er marknadsføring av fjell- og kulturlandskapet rundt Møsvatn. To avgjerande ressursar er rutebåten «Fjellvåken» og Mogen Turisthytte.

**Utførande ansvar:** Vinje kommune i samarbeid med Tinn og Notodden kommunar, koordinator for verdsarven / Telemark fylke og Telemark Turistforening.

**Framdrift / frekvens:** Oppstart i 2017.

**Avtaler / finansiering o. l. :** Midlar gjennom UNESCO / Verdsarven, kommunale og andre offentlege og private midlar.

#### **Kommentar frå kommunen:**

Her er det stort arbeid i gang for å få kartlagt og lage plan for utbygging av Varlandstangen, men det er framleis under planlegging

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Effektar av nasjonalparkkommunen</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Nasjonal turistveg / nasjonalparkruta</b>

**Om tiltaket:** Nasjonal turistveg vil styrkje reiselivsdestinasjonen Vinje. Dette gjeld ikkje minst i sommarhalvåret. Arbeidet med Nasjonalparkruta for ei tid tilbake er eit godt grunnlag for å arbeide vidare mot konseptet Nasjonal turistveg.

**Innhald i tiltaket:** Arbeide for å få godkjenning som Nasjonal turistveg for strekninga frå Notodden, Tinnsjøen, Rjukan, Møsvatn, Rauland til Haukeli.

17

---

**Utførande ansvar:** Kommunen, koordinator for verdensarven, Telemark fylke, Telemark vegvesen og Samferdsledepartementet.

**Framdrift / frekvens:** Oppstart med prosjektarbeidet i 2017/2018.

**Avtaler / finansiering o. l. :** Vinje, Tinn og Notodden kommunar og styresmaktene for samferdsel.

**Kommentar frå kommunen:**

Dette arbeidet er noko kontroversielt, slik at me har ikkje nytta potensialet her nok, då dette er motstridande i høve til ferdseplan.



<b>Mål</b>	<b>God utnytting av areal</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Areal for bustader-, hytter, utleigebygg, servicebygg m. m</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Planarbeid</b>

**Om tiltaket:** Ajour planverk på alle nivå er grunnlaget for å få til vekst i kommunen.

**Innhald i tiltaket:** Gjennom kontinuerleg planarbeid på alle nivå og fagområde skal kommunen tilby planverk som gjev godt grunnlag for å ha korte vedtaksprosessar. Regelmessige møte i blant anna kommunens interne planforum skal sørge for god kommunikasjon mellom einingane som driv planlegging av ymse slag.

**Utførande ansvar:** Kommunen.

**Framdrift / frekvens:** Kontinuerleg.

**Avtaler / finansiering o.l.:** Kommunen

**Kommentar frå kommunen:**

Dette er eit spørsmål for planavdelinga

### Kap. 3 - Allmenne nærings- og samfunnstiltak

Mål	Sysselsettings- og omsetningsvekst
Satsingsområde	Næringshagar, - tomter, - areal
Tiltak	Næringsstomter, -bygg, -hagar

**Om tiltaket:** Tilrettelegging av næringsareal i forskjellige variantar må skje i alle sentrale delar av kommunen. Målgruppe for desse areala er å dekkje behovet til eksisterande verksemdar eller nye verksemdar av mindre storleik. I satsinga «næringshagar» inkluderar ein også hagar med arbeidsplassar innanfor kultur.

**Innhald i tiltaket:** I dei tre sentrumsområda i kommunen skal det vera tilgjengelege tomter for etablering av næringsareal.

- Haukeli: Eksisterande industriområde eller eventuelt andre egna stader i bygdi må ryddast og gjerast maksimalt tilgjengeleg. Ein må sjå etter mogelegheit for å utvide det samla arealet. I nærleiken av industriområdet fins det moderne kontorplassar til leige.
- Åmot: Her det no gjort eigedomserverv som kan stette behovet for store og små aktørar. Kontorplassar er til ei viss grad tilgjengelege i Åmot.
- Rauland: Klargjort kommunalt næringsareal er omtrent ikkje tilgjengeleg. Behovet er uklart, men ein må ha noko å tilby aktørar som melder behov. I industriområdet fins det no moderne kontorplassar til leige.

29

- Øvrig: Næringshage for kulturarbeidsplassar. Ein slik hage tenkjer ein kan utvikle seg ved Vinjar i tilgjengelege areal på staden. Organisatorisk vil ikkje dette vera ein del av Vinjesenteret / Nynorsk kultursentrum, men som ein del av eit felles miljø på staden. Miljøet rundt Høgskulen i Sør Øst Noreg (Rauland) kan vera aktuell for tilsvarande.

**Utførande ansvar:** Kommunen i samarbeid med grunneigarar og andre aktørar.

**Framdrift / frekvens:** Snarast i alle område.

**Avtaler / finansiering o.l.:** Forskjellige modellar. Ein aktuelle er at kommunen kjøper og opparbeider tomteareal og sel vidare til aktuelle interessentar.

#### **Kommentar frå kommunen:**

Dette er heile tida i loopen, for å ha nok areal til næringsverksemdar. Men det er ikkje så lett når tilgjengeleg areal har høg pris.



<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Næringservice</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Rådgjeving for gründerar m. fl.</b>

**Om tiltaket:** Kommunal bistand til gründerar.

**Innhald i tiltaket:** Rådgjeving til personar som vil starte eigen verksemd eller har idéar til nye produkt innanfor eksisterande verksemd. Særleg i tilfelle der forretningsidéen er mynta på lokalmarknaden er det viktig at rådgjevaren har lokal kompetanse. Tiltaka frå kommunens side vil primært vera rådgjeving, kobling til aktuelle samarbeidspartnarar, hjelp til å finne finansieringskjelder m. v. Økonomisk bistand frå kommunen vil i fall det er aktuelt vera i svært avgrensa omfang.

**Utførande ansvar:** Kommunen.

**Framdrift / frekvens:** Når det måtte oppstå.

**Avtaler / finansiering o.l.:** Kommunen.

#### **Kommentar frå kommunen:**

Kommunen har avtale med Telemark Næringshage om rådgjeving for etablerarar.

Næringskontoret tilbyr også rådgjeving både når det gjeld etablering og utvikling av verksemder.

[Les meir her](#)

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Næringservice</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Utviklingsprosjekt / innovasjon</b>

**Om tiltaket:** Kommunal bistand til innovative utviklingsprosjekt

**Innhald i tiltaket:** Innovative utviklingsprosjekt som ein trur kan ha stort potensiale i seg treng ofte starthjelp. Tiltaka frå kommunens side kan vera økonomisk hjelp, rådgjeving, kobling til aktuelle samarbeidspartnarar, hjelp til å finne andre finansieringskjelder m. v.

**Utførande ansvar:** Kommunen i samarbeid med prosjektutviklar(ane)

**Framdrift / frekvens:** Når det måtte oppstå

**Avtaler / finansiering o.l. :** Kommunen i samarbeid med relevante partnerar.

#### **Kommentar frå kommunen:**

Næringskontoret er kjapt på, i høve til dette.

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Overordna oppsyn og arbeid med stiar, løyper og sentrumsområde</b>
<b>Tiltak</b>	<b>Fagansvarleg for sentrumsområde, turvegar, idrett og friluftsliv</b>

**Om tiltaket:** Sentrumsområda og stigar, turvegar og løyper treng planmessig ettersyn og vedlikehald. Dette er viktig for trivselen til fastbuande, hyttefolk og tilreisande. Tiltaket knyter seg også opp til Vinje som reiselivsdestinasjon.

**Innhald i tiltaket:** Tilsetje ein fagperson for park, idrett og friluftsliv som har ansvar for:

- Sommar- og vintervedlikehald av stigar, turvegar og løypenett. Tiltaket omfattar både direkte vedlikehald av traséane samt skilting og merking.
- Vedlikehald av murar, gateljos, benkar og liknande , dvs dei meir permanente tiltaka.
- Blomar og anna beplanting i sentrumsområda.
- Å koma med framlegg om nye, faste tiltak i sentrumsområda og turvegane.
- Digitale informasjonstavler / skilting i sentrumsområda.

Vedkomande må arbeide tett saman med TDV i iverksetjinga av dei løpande tiltaka.

**Utførande ansvar:** Vinje kommune i samarbeid / spleiselag med relevante næringsaktørar.

**Kostnad / Framdrift / frekvens:** Kommunen. 2017.

#### **Kommentar frå kommunen:**

Har hatt eit utmarksoppsyn i tre år, som tok ein del av dette ansvaret.

Men det er no ferdig

<b>Mål</b>	<b>Sysselsettings- og omsetningsvekst</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>Infrastruktur</b>
<b>Tiltak</b>	<b>E 134</b>

**Om tiltaket:** Hovudvegen E 134 er sentral for den vidare utviklinga av Vinje

**Innhald i tiltaket:** E134 er utpeika som ein av dei prioriterte vegsambanda mellom aust og vest. Vinje kommune arbeide for at denne vegen må sikrast samanhengande utbygging i planperioden uansett økonomisk ramme. Opprusting av ein så viktig høgfjellsovergang må sjåast på i ein heilskap og vegen må ha ein standard som sikrar at den er open heile året. Vinje kommune meiner prosjekta på E134 må prioriteras i slik rekkefylgje:

1. Haukelitunnelane – Seljestad-Røldal i første del av planperioden.
2. Saggrenda – Gvammen.
3. Gvammen – Vågsli.
4. Hordalandsdiagonalen.

**Utførande ansvar:** Kommunen, Statens Vegvesen, næringslivet

**Framdrift / frekvens:** Umiddelbart.

**Avtaler / finansiering o.l.:** Kommunen.

**Kommentar frå kommunen:**

Er aktiv i E134 møta til Haukelivegen AS, er og medeigar i dette.

Næringskontoret er stadig koplå på i høve til næringsarbeid langs vegen.



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er laga av  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: [post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

23: 3825 402